

2 av grunneigarane gjekk imot at det skulle vera friluftskonsert på Låganåso laurdag 3. august og det er grunnen til at konserten med Oslo Ess er flytta til Storhaug på den andre sida av dalen. Det opplyser Festidalen og Kvinnherad turlag no i ei pressemelding der det også går fram at årsaka til avslaget var at turlaget har ytra seg negativt om grunneigarane sine planar om kraftutbygging i Børsdalen.

Arrangørane har denne kommentaren:

- Festidalen forstår seg verken på kraftverk eller på grunneigarar.

Arrangørane retter ei stor takk til grunneigarane på Storhaug som iløpet av ein føremiddag gav dei naudsynte løyva og lukkeynskje dei trong for å gjennomføra arrangementet.

Dei peikar på at Festidalen tek heile bygda i bruk og er avhengige av positivitet og velvilje frå omgjevnadane.

Festidalen og turlaget er stolte av å kunne presentera Oslo Ess ljós levande og akustisk på Storhaug.

- Med utsyn til halve verda og omkransa av Hardangerfjorden og dei nydelege Uskedalsfjella, ligg alt til rette for å skape ei konsertoppleving for dei kvinnhenske konsertannalar, held arrangørane fram.

Dei opplysar at Storhaug ligg plassert ytst mot fjorden på den mjuke nordsida av Uskedalsfjella, omlag halvannen times slentrande gange opp frå bygda, og held fram:

- Sidan isbreen for omlag 10 000 år sidan med bulder og brak slipte berget og skapte moreneriggane, har her stort sett vore stilt og roleg. No brakar det laus att, og vi har tru på at Oslo Ess vil få fjellet til å minnst yngre dryas og dei buldrande massane.

Turlaget fraktar publikum oppf rå bygda og tempoet vert tilpassa eventuelle etterdønningar frå konsertopplevingane kvelden før. På toppen vert det servert vaflar og kaffi til dei som ikkje rakk frukosten før avmarsj.

Konserten startar klokka 13

Av Ola Matti Mathisen

